



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

MEDLEMMER:

Programstyreleiar	Tom Solomon, programkoordinator, professor
Vitskapeleg tilsett	Sigbjørn Apeland, førsteamanuensis
Vitskapeleg tilsett	Stephen Amico, førsteamanuensis
Vitskapeleg tilsett	Jill Halstead, professor
Vitskapeleg tilsett	Arnulf Mattes, professor
Studentrepresentant	Ikkje valgt
Programstyresekretær	Fredrik Berntsen Due

Møte 02/2025

Arkivnr: 2025/516

Innkalling til møte i programstyret for Musikkvitskap

Torsdag 20.02.2025 kl. 09:00 – 11:00

Rom: rom 110 - GA

I. Godkjenning av innkalling og dagsorden

II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 06.12.2024

Godkjenning av e-postrunde i januar 2025

III. Saker

Sak 01/25 Ekstern fagfelle – sluttrapport og vegen vidare

Sak 02/25 Dialogmøte V25

Sak 03/25 Studiebarometeret – resultat hausten 2024

IV. Orienteringssaker

O-Sak 01/25 Status utnemning representant frå arbeidslivet

O-Sak 02/25 Studenttal våren 2025

O-Sak 03/25 Eksamensrevisjon – eksamenskonsulent presenterer

V. Eventuelt

Bergen 14.02.2025

Tom Solomon

Programstyreleder

Fredrik Berntsen Due

Sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

MEDLEMMER:

Programstyreleiar	Tom Solomon, programkoordinator, professor
Vitskapeleg tilsett	Sigbjørn Apeland, førsteamanuensis
Vitskapeleg tilsett	Stephen Amico, førsteamanuensis
Vitskapeleg tilsett	Jill Halstead, professor
Vitskapeleg tilsett	Arnulf Mattes, professor
Studentrepresentant	Ikkje valgt
Programstyresekretær	Fredrik Berntsen Due

Møte 08/2024

Arkivnr: 2024/41

Protokoll til møte i programstyret for Musikkvitskap

Fredag 06.12.2024 kl. 09:00 – 11:00

Rom: rom 110 - GA

I. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent

II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 03.09.2024

Godkjent

III. Saker

Frå førre møte som blei avlyst:

Sak 23/24 Oppfølging ekstern fagfelle

Orientering

Me har motteke siste rapport frå ekstern fagfelle. Denne vert tema på første programstyremøte i 2025.

Sak 24/24 Endring Studieplan – master i kulturvitskap

Vedtak:

Programstyret godkjenner forslag om endring av studieplan for bachelorgrad i musikkvitskap, som gjer det mogleg for studentane å gå vidare på master i kulturvitskap.

Sak 25/24 Sluttrapport frå studentmentor

Orientering

Studieprogrammet står no utan studentmentor. Det vert ikkje tilsett ny før til neste studieår i samband med studiestart 2025.

Sak 26/24 Status studentrepresentant
Orientering

Sak 27/24 Nytt kvalitetssystem i utdanning
Orientering

Sak 28/24 Kvalitetsarbeid musikkvitskap
Vedtak:
Programstyret ber emneansvarlige om å gjennomføre planlagde emneevalueringar i laupet av hausten 2024.

Sak 29/24 Representant frå arbeidslivet
Vedtak:
Programstyret foreslår å spørje Eva Rowson til å vere representant frå arbeidslivet. Programstyreleiar tar dette vidare med instituttleiar.

Sak 30/24 Avgjerdsmynde og kommunikasjonslinjer
Orientering

Nye saker:

Sak 31/24 Forslag til nytt valemne - Musikalsk modernisme/Arnold Schönberg
Arnulf utarbeider eit meir detaljert forslag som skal leggjast fram på neste programstyremøte.

Sak 32/24 Endringar i vurderingsform: MVK100, MVK101 og MVK102
Vedtak:
Programstyret godkjenner forslag til endringar i vurderingsform i emna MVK100, MVK101 og MVK101. Dei merknadane for MVK101 som kom fram i møtet er vedlagt protokollen. Då dette er sett på som redaksjonelle endringar, sender programstyret dette vidare som ein informasjonssak til instituttrådet.

Sak 33/24 Forslag til endringar i MUV280
Vedtak:
Programstyret godkjenner forslaget om endringar i obligatorisk undervisingsaktivitet i MUV280.

IV. Orienteringar

Studiebarometerundersøkinga 2024

V. Eventuelt

Bergen 06.12.2024

Tom Solomon
Programstyreleder

Fredrik Berntsen Due
Sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

INSTITUTTRÅD VED GRIEGAKADEMIET- Institutt for musikk

Sak nr.:

ePhorte saksnummer:

Sakstype: Vedtak

Møte:

Forslag til endringer i MUV280

Vedlegg:

[forslag2 MUV280.pdf](#)

Bakgrunn

Programstyret i musikkvitskap vedtok i programstyremøte 06.12.2024 forslag til endringer i emneskildringa til MUV280. Det blei vedtatt å fjerne den obligatoriske undervisningsaktiviteten kor studentane skulle munnleg presentere eit utkast frå semesteroppgåve og ein gruppepresentasjon i eit emnerelatert tema. Før forslaget skulle behandlast i IRGA har saka fått tilbakemelding frå instituttleiar, og her presenterast eit justert forslag:

Til saka

Nytt forslag er å behalde studentpresentasjonar, men gjere dei digitale. Med dette vil ein halde på den studentaktive læringa, både med at studentane må laste opp ein video på MittUiB med kvar sin presentasjon, og at dei i tillegg skal gi tilbakemeldingar på minst ein annan student sin presentasjon.

Dette forslaget tar og høgde for eit varierende tal med studentar då det ikkje tek opp tid til undervising.

Forslag til vedtak

IRGA godkjenner forslaget om endringer i obligatorisk undervisningsaktivitet i MUV280.

Randi Rolvsjord
Instituttleder

Anette Andersen
Sekretær

Endringsrapport for emne MUV280

Stadiuminfo:	Klar for kvalitetssikring (S1)
Sist endret:	13.12.2024 Stephen Richard Amico (sam022)
Opprettet i EpN:	Nei

Gammel verdi
(S0, Importert fra FS)

Ny verdi
(S1, Utkast)

Generelt

Ingen endringer

Undervisning

Ingen endringer

Emneinfo

Mål og innhold:

Ingen endringer

Læringsutbytte:

Engelsk:

On completion of the course the student should have the following learning outcomes:

Knowledge

The student...

- Has knowledge of the relationships between popular musics, mass media, and related technologies and industries.

Skills

The student...

- Can assess how processes of representation and reception contribute to the creation and mediation of meaning in popular music texts.
- Can analyze multimedia popular music texts in terms of their structural and stylistic attributes, as well as their relationships to cultural, historical and technological contexts.

General competence

The student...

- Can identify and make use of relevant academic literature in independent research on popular music.
- Can productively discuss how cultural and historical conditions are implicated in the development and performance of popular music genres and styles.

- Can assess the ways in which audiences, fans, and communities contribute to the formation of popular musics.*
- Can evaluate specific styles and genres of popular musics in relation to current academic debates and paradigms (including for example, gender and sexuality, authenticity, and globalization).*

Studiepoeng, omfang:

Ingen endringer

Studienivå (studiesyklus):

Ingen endringer

Undervisningsspråk:

Ingen endringer

Undervisningssemester:

Ingen endringer

Undervisningssted:

Ingen endringer

Krav til forkunnskaper:

Ingen endringer

Anbefalte forkunnskaper:

Ingen endringer

Studiepoengsreduksjon:

Ingen endringer

Krav til studierett:

Ingen endringer

Arbeids- og undervisningsformer:

Ingen endringer

Obligatorisk undervisningsaktivitet:

Engelsk:

- Attendance at lectures and seminars.
- One mid-semester group presentation on a course-related topic.
- The students will present their drafts of their term papers orally in seminar form.
- Each student will prepare and upload a digital presentation based on their final research paper, and will also give feedback to at least one of the uploaded student presentations.

All instruction is obligatory. Absence of more than 20% leads to loss of right to take the exam. All mandatory instruction must be completed and approved of before the exam. Approved obligatory activities are valid for 2 semesters after they are completed.

Vurderingsformer:

Ingen endringer

Karakterskala:

Ingen endringer

Vurderingssemester:

Ingen endringer

Litteraturliste:

Ingen endringer

Emneevaluering:

Ingen endringer

Hjelpemiddel til eksamen:

Ingen endringer

Programansvarlig:

Ingen endringer

Emneansvarlig:

Ingen endringer

Administrativt ansvarlig:

Ingen endringer

Kontaktinformasjon:

Ingen endringer



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

Sak.nr.: 01/25

Arkivnr: 2025/516

Sakstype: Vedtak

Møte: 2 – 20.02.2025

Ekstern fagfelle – sluttrapport og vegen vidare

Vedlegg:

[Rapport 1 våren 2021](#)

[Rapport 2 våren 2022](#)

[Rapport 3 våren 2023](#)

[Rapport 4 hausten 2024](#)

Bakgrunn

Jan Sverre Knudsen har no fullført sitt oppdrag som ekstern fagfelle for bachelorprogrammet i musikkvitenskap. Siste rapport, og dei tre føregåande ligg som vedlegg over.

Til saka

Programstyreleiar og sekretær har gått igjennom alle fire rapportane for å sjå kva som er følgt opp og eventuelt ikkje følgt opp i etterkant av rapportane. Kommenterar frå programstyreleiar og sekretær i **raudt**.

1

Den første rapporten blei handsama på [programstyremøte 5. november 2021](#). I protokollen er det lista opp fleire punkt til oppfølging.

- Øke antall timer med undervisning og organiserte aktiviteter.
 - Høsten 2021 ble det startet opp kollokviegrupper for to emner, leia av studentmentor og stipendiat. Dette tiltaket kan bidra inn mot økt undervisning og organiserte aktiviteter. Forlengelse av dette tiltaket forutsetter at ressursen er tilgjengelig fremover.
 - **Forutsett at me har ein engasjert mentor og/eller stipendiat**
- Legge bedre til rette for sosiale aktiviteter for studentene.
 - Dette er litt utfordrende siden musikkvitenskapstudentene ofte har svært ulik alder og livssituasjon. Studentmentor arrangerer sosiale aktiviteter for 1. års studentene, det ble da foreslått at 2. års og 3. års studentene også kan få et tilsvarende tilbud.
 - **Som over**
- Igangsette organisert samspill, kor eller orkester.
 - Studentene har veldig forskjellig bakgrunn, og spørsmålet blir da om det er ønskelig å ha et f.eks. et kor for alle GA-studentene uavhengig av nivå. Det arrangeres prosjektuke for de utøvende studentene i uke 34 hvert år, kan musikkvitenskapstudentene kobles på her?

- *Alle studentane får tilbod om å vere med på korprosjektet, men det er få eller ingen som deltek. Endringa i MVK110, no MUPT200, gjer det og mogleg med at ensemblespel kan inngå som del av repertoaret.*
- Legge om til mer dialogisk undervisning og studentstyrte aktiviteter.
 - Det brukes allerede mye dialogisk undervisning i de ulike emnene. Studentstyrte aktiviteter er inkludert i form av gruppearbeid og kollokviégrupper.
 - *Det er mindre no enn før, men den nye versjonen av MUF101 Musikk, kultur og samfunn har noko av dette.*
- Videreutvikle og styrke programmets aktualitet i forhold til kultur- og samfunnsspørsmål som bærekraft, mangfold og miljøspørsmål. Eventuelt gjennom nye studieemner.
 - Dette er bakt inn i undervisningen på ulike måter, f.eks. så inviteres relevante gjesteforelesere. Programstyret syntes det er viktig å være åpen for forandring og fokus slik at disse viktige temaene snakkes mer om og problematiseres i undervisningen.
 - *Dette er framleis gjeldande. Deter ikkje mange ressursar til oppretting av nye emne.*
- På lengre sikt, arbeide for å opprette et masterprogram i musikkvitenskap.
 - Programstyret er enig i at det må være flere ressurser på plass for å opprette et masterprogram i musikkvitenskap.

2

Rapport nr. to blei handsama i et ekstraordinært [programstyremøte 18. mars 2022](#), men da med ekstern fagfelle til stades.

Det er veldig mykje tekst i protokollen, så for å oppsummere:

- Forskjellar på arbeidsmengde i dei ulike emna
 - *Eksterne fagfelle har hovudsakleg basert seg på emneplanane, som berre gir ein delvis oversikt over emna og innhaldet. Arbeidsmengda bør sjåast i lys av mengda tid i førelesingar og andre organiserte aktivitetar; mengde, vanskegrad og språk (engelsk/norsk) på pensum; tal studiepoeng kursa gir; nivået på kurset (100/200); plasseringa av kurset i den overordna studieprogresjonen; osb. Ein grundigare gjennomgang av dette kan kanskje vere ein del av fokuset til den neste eksterne fagfellen.*
- Tilhørslse på studieprogrammet og sosiale tiltak
- Dårlige tilbakemeldingar på MUF101
 - *Emnet har sidan da gjennomgått ei større endring, og så langt er det ikkje komen fleire dårlege tilbakemeldingar. Emnet er og i vidare utvikling og har ny emneansvarleg frå våren 2025.*
- Ingen studentar frå oss har vore på utveksling, men me får likevel studentar på innveksling
- Gjennomstrøyming og oppretting av masterprogram

I rapporten er det og nemnt at opprettinga av kollokviégruppene i MUV280, som blei styrt av stipendiaten, blei godt mottatt av studentane.

- *Dette er noko me forhåpentligvis kan gjenoprette med tilsettinga av ny stipendiat*

Rapport to konkluderer med: "På grunnlag av denne gjennomgangen av programplan og emneplaner har denne rapporten pekt på noen forhold og reist spørsmål som bachelorstudiet i musikkvitenskap vil være tjent med å ta inn i den videre diskusjonen og utviklingen av programmet. En anbefaling for dette arbeidet vil være å arbeide mot en bedre koordinering av emneplanene. Dette kan innebære å gjøre dem mer like i omfang og mer enhetlig i formuleringer om krav og vurderingsformer. Et slikt arbeid kan bidra til å gi et mer samordnet inntrykk til studenter og søkere og en mer enhetlig praksis.

Det viktige spørsmålet om ulikheter i akademisk vanskelighetsgrad, eksamensomfang og, sannsynligvis, også ulik arbeidsmengde og krav til å bestå emnene bør trekkes inn i videre diskusjoner om utvikling av studiet."

- *Merk og at emneplanar må følgje ein spesifikk, gitt mal når det gjeld kor mykje og kva slags spesifikk informasjon emneplan skal ha. På musikkvitskap er det fire ulike lærarar, kvar med ulik akademisk bakgrunn, undervisningsstilar og generelle tilnærmingar til emnet. Dette fører uunngåeleg til nokre forskjellar i korleis vi organiserer og underviser i emna våre. I staden for å sjå dette som eit problem, ser vi på mangfaldet i perspektiv vi bringer til våre individuelle kurs, og til programmet som heilskap, som ein av styrkane til programmet.*
- *Det er no starta eit arbeid med endringar i MVK100 i samarbeid med UiB læringslab. Kanskje er det mogleg å hente inspirasjon frå dette arbeidet inn i andre emne.*

3

Den tredje rapporten blei handsama på [programstyremøte 17. mars 2023](#). Det er diverre korkje nemnt i saksframlegg eller protokoll kva som faktisk blei diskuterte og kva ein kom fram til på programstyremøtet, så her må ein sjå kva som er anbefalt i rapporten.

Anbefalinga til slutt er noko vag, så her er punkt peiker seg ut:

- Rapporten kommenterer på side to at: "*Rapporten viser til at det ikke har vært vesentlige endringer i læreplanen siden forrige interne programevaluering i 2021, men at det har vært gjort mindre justeringer og at det har vært lagt til noen kursplaner. Programstyret diskuterer for tiden mulige endringer i innhold, inkludert nye kurs og endringer i eksisterende, et arbeid som vil fortsette ut 2023.*"
 - *Dette er pågåande arbeid*
- Høg arbeidsmengde og mykje pensum i forhold til kva ein skulle forvente - MVK102 og MUV280.
 - *MVK102 har faktisk svært lite pensum. Det er tre, korte oppgåver (ein podcast + to skriftlege oppgåver på 1-2 sider kvar) og er meir praktisk orienterte (ingen av dei krev ei leseliste eller bibliografi med akademiske referansar).*
 - *MUV280 er eit avansert kurs (200-nivå), og det er normalt at det skal ha høgare forventningar til studentane enn kurs på 100-nivå. (Sjå merknad ovanfor om plasseringa av kursa i den overordna studieprogresjonen.)*
- Vanskeleg akademisk nivå på MVK100, sjølv om det skal vere eit innføringsemne
 - *Pågåande arbeid, og det har vore noko reduksjon i pensum*
- Studentene hadde noen konkrete forslag til endringer i programmets innhold:
 - *Et eget kurs i musikkteori, begrunnet med at pensumlitteraturen på noen kurs forutsetter at man har forståelse for musikkteori*
 - *Pr. no er det ikkje nok ressuras til eige emne i musikkteori*
 - *Et fordypningsemne i bransjekunnskap*
 - *Det er starta eit arbeid i oppretting av eit emne i entreprenørskap. Kva er status her?*
 - *Tur til Voss på vårsemesteret sammen med de andre førsteårsstudentene*
 - *Pr. no er det ikkje ressuras til dette, men ein kan begynne å sjå på løysingar som kanskje gjer det mogleg for nokre av studentane på musikkvitskap å reise.*

I avslutninga påpeiker ekstern fagfelle spesielt dette med studentanes eige engasjement i studiet. I studiebarometeret 2023 var eige engasjement på 2,9, mens det for 2024 er økt til 3,6. Det er veldig bra med ei positiv utvikling her, men det er diverre den einaste kategorien det er ei positiv utvikling.

4

Rapport fire er ikkje handsama i programstyret enno, men rapporten blei delt med medlemmane i programstyret før jul. Det har ikkje kome tilbakemeldingar.

Ekstern fagfelle hadde møte med både studentar og programstyret før endeleg rapport blei levert.

I møtet med studentar var det berre ein student som møtte, så tilbakemeldingane er ikkje representative, men ein kan likevel sjå at det er det same som går igjen frå tidlegare.

- Tung start på studiet
- Ulike vanskegrad på emne
- Positiv omtale av kurs i søknadsskriving
- Positivt med mentorordning
- Folkemusikkurs på Voss
- Meir praktisk undervisning
- Dårlige fysiske rammer, t.d. undervisningsrom

I møtet mellom programstyret og ekstern fagfelle ([Referat](#)), blei følgande punkt diskutert:

- Vurdering og bruk av heimeeksamen vs. skuleeksamen og korleis KI og/eller juks kan påverke vurderinga.
- Oppfølging frå førre møte:
 - Standardisering av emne
 - Tiltak med studentmentoren er bra
 - Framleis ingen som har vore på utveksling
 - Studentane bruker mindre tid på studia enn før
 - Studentane vil ha meir musikkproduksjon

Vidare i rapport nr fire er alle anbefalte punkt frå tidlegare rapportar igjen skildra.

Ekstern fagfelle avsluttar med ein lengre drøftedel. Utdrag:

- *I tillegg er mange av diskusjonene åpenbart knyttet til ressursituasjonen. Manglende gjennomføring av tiltak og utfordringer med å følge opp faglige ambisjoner har ofte sammenheng med at det ikke er blitt budsjettet nok midler til det.*
- Korleis kan me utvikle studiet slik at det ikkje berre er eit "hobbystudium" eller "ventestudium"?
- Har rom ledig til å lage ein lesesal for musikkvitskapsstudentar? t.d. på Jon Lunds plass?
- Skal me arbeide for at fleire av våre studentar søker utveksling?
- Sterkere tilknytning til arbeidslivet?

Forslag til vedtak

[vert utarbeida på møte]

Thomas James Solomon
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due
programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

Sak.nr.: 02/25

Arkivnr: 2025/516

Sakstype: Vedtak

Møte: 2 – 20.02.2025

Dialogmøte

Vedlegg:

Bakgrunn

I samband med at UiBs kvalitetssystem for utdanning er endre, er det no ikkje påkrevd med ei skriftleg, årleg eigenvurdering av emne ein har emneansvar for. Det skal som tidlegare gjennomførast dialogmøte mellom program og instituttleiar, og det er difor behov for å gjennomføre eit dialogmøte mellom emneansvarlege og programstyre som ei førebuing til dette.

Til saka

I forkant av programstyremøtet bes emneansvarlige om å førebu eit kort innlegg (max. 5 min.) basert på følgjande tre spørsmål:

- Kva har fungert godt i emnet dette studieåret? (t.d. innhald, arbeidsformer, vurdering)
- Moglege forbetringar?
- Kva er følgt opp sidan sist eigenvurdering?
- Studentaktive læringsformer? Forhold - forskning og utdanning

Spørsmål til generell diskusjon:

- Korleis har studieåret vore?
- Kva er følgt opp sidan sist dialogmøte med instituttet? Sjå vedlegg.
- Generelt om rekruttering og gjennomstrøyming. Vurdering og tiltak.

I forkant av dialogmøtet med instituttet vil me og utarbeide eit kort skriv til instituttleiar med følgjande punkt:

- Referat frå programmets dialogmøte
- Kort punktvis oppsummering av det som er følgt opp sidan førre år, og kva punkter programmet vil jobbe med neste år
- Plan for 3-årig emneevaluering.
- Programsensorrapport frå 2024

Forslag til vedtak

Programstyreleiar og sekretær utarbeider referat og skriv som sendast instituttleiar i forkant av dialogmøte 21. mars.

Thomas James Solomon
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due
programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

Sak.nr.: 03/25

Arkivnr: 2025/516

Sakstype: Vedtak

Møte: 2 – 20.02.2025

Studiebarometeret – resultat hausten 2024

Bakgrunn

Resultata frå Studiebaromtereundersøkinga hausten 2024 er no klare.

https://www.studiebarometeret.no/no/student/studieprogram/1120_bahf-mvk/

Til saka

Programstyreleiar legg fram meir detaljerte resultat.

Forslag til vedtak

[Vert utarbeida på møte]

Thomas James Solomon
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due
programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

O-Sak.nr.: 01/25

Arkivnr: 2025/516

Sakstype: Orientering

Møte: 2 – 20.02.2025

Status utnemning representant frå arbeidslivet

Eva Rowson er lagt fram som forslag til instituttleiar, og ho er einig i at det er eit godt forslag. Det vert arbeida me førespurnad og å få det formelle på plass.

Thomas James Solomon
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due
programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

O-Sak.nr.: 01/25

Arkivnr: 2025/516

Sakstype: Orientering

Møte: 2 – 20.02.2025

Studenttal våren 2025

Musikkvitskap

1. år	13
2. år	8
3. år	9
Forsinket	1
Totalt	30

Innveksling	3
Sluttet	13
Inndratt	7
Ferdig	0

Thomas James Solomon
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due
programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

O-Sak.nr.: 03/25

Arkivnr: 2025/516

Sakstype: Orientering

Møte: 2 – 20.02.2025

Eksamensrevisjon

Eksamenskonsulent Anders presenterer arbeid med eksamensrevisjon på Griegakademiet

Thomas James Solomon
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due
programstyresekretær